

Fra: Tord Kristian Karlsen <Tord.Karlsen@bsj.uib.no>
Sendt: 23. september 2014 15:07
Til: NVE
Kopi: 'Anja Nordvik Sætre'; jostein.aksdal@hfk.no
Emne: Vedr. høyring av søknad om overføring frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Herfangen i Samnanger kommune og vidare til Svartavatn i Kvam herad, hordaland Fylke. Forholdet til marine kulturminne.

Dykkar ref: 201203082-47 Vår ref: 14/0821/807M

Vedr. høyring av søknad om overføring frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Herfangen i Samnanger kommune og vidare til Svartavatn i Kvam herad, Hordaland Fylke. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev datert 30.06.2014

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Vaksdalsvassdraget, Samnangervassdraget eller Svartavatn i Vaksdal, Samnanger eller Kvam kommune som kan bli direkte råka av omlegginga.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i vatn finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på vassbotn kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord K. Karlsen
Saksbehandlar marinarkeologi
Direkte telefon: 55549604.
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no
Nettside: <http://www.bsj.uib.no/>



BERGENS SJØFARTSMUSEUM
MARINARKEOLOGI